

## Styremøte SFSG 28.11.22 på Teams

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Fossen, Anne Inger Moen og Solgun Haugen  
Ikkje tilstades; Egil Ove Helleland, Tom Idar Kvam og Roger Løvik

Styremøte kl 20.30 – 23.10

### **Sak 54/22. Innspel frå fylkeslaga på “Grytten-rapporten”**

Styret i SFSG har fått «Grytten-rapporten» på høyring frå NSG. Rapporten vart sendt ut til lokallaga og det er kome tilbakemelding frå eitt lokallag innan fristen.

Styret utarbeida fylgjande innspel frå SFSG;

Styret meiner at medlemmar i fylkeslaga ikkje har kapasitet til å setta seg inn ein so omfattande rapport på ein skikkeleg måte.

Styret i SFSG stolar på at NSG og faglaga (NB og NBS) har kompetanse og ressursar til å ivareta medlemmane i denne saka her. Ein forventar at desse organisasjonen ivareteke medlemmane sine interesser.

Styret i SFSG er bekymra for at 58% av næringa ikkje er teke med i talgrunnlaget.

Styret meiner det viktigast er at årsinntekta går opp, og at gardbrukarar får ferie og fritid på lik line med andre yrkesgrupper.

### **Sak 55/22. Kandidatar til sentrale råd og utval i NSG**

Styret i SFSG skal koma med innspel til kandidatar til sentrale råd og utval i NSG.

Styret gjekk gjennom dei ulike råda og laga innspel på kandidatar.

### **Sak 56/22. Innspel til instruks for sentrale råd og utval i NSG**

Styret i NSG jobbar med å revidera instruks for sentrale råd og utval i NSG, og denne er sendt ut til fylkeslaga på høyring.

Styret i SFSG gjekk gjennom foreløpig instruks for sentrale råd og utval i NSG og kom med innspel.

Referent; Solgun Haugen.